

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 17/3567-2

## **Høyringsfråsegn om modell for overgang frå vg1 studiespesialiserande til yrkesfaglege programområde på vg2**

### **Fylkesdirektøren rår for hovudutvalet opplæring til å gjere følgjande vedtak:**

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

### **Vedlegg:**

1. Høyrings svar frå ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane

## **SAKSFRAMSTILLING**

Utdanningsdirektoratet sendte 24.02.2017 ut på høyring eit framlegg om endring i tilbudsstrukturen som gjer det mogleg for elevar frå vg1 studiespesialiserande å gå over til yrkesfaglege programområde på vg2, og samstundes fullføre opplæringa på normert tid. Ordninga skal organiserast som eit kryssløp. Eit framlegg til nasjonale rammer for lokalt arbeid med læreplanar og organisering av opplæringa inngår òg i høyringa. Høyringsfristen er sett til 24. mai 2017. Komplette oversikt over høyringsnotatet med tilhøyrande underlag kan hentast på [udir.no](http://udir.no). Høyringa er open for alle, og dei som ynskjer det, kan sende inn uttale.

Fylkesdirektør for opplæring har sendt høyringa ut til dei vidaregåande skulane, ungdomspolitisk utval og elevorganisasjonen.

- Ungdomspolitisk utval har sendt inn eige høyrings svar til Utdanningsdirektoratet. Dette ligg ved saka (vedlegg 1).
- Det er kome to innspel frå dei vidaregåande skulane. Innspela er innarbeidd i felles høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## **2. Bakgrunn for høyringa**

Det er i dag ikkje ein generell rett for elevar i studieførebuande utdanningsprogram til å få gå over til yrkesfaglege utdanningsprogram utan å gjere omval. Elevane på yrkesfaglege utdanningsprogram har sidan Reform 94 hatt rett til å velge eit studieførebuande påbyggingsår etter vg2. Elevane oppnår då generell studiekompetanse etter tre år i vidaregåande opplæring. Elevane på studieførebuande utdanningsprogram ikkje har lik moglegheit til å fullføre ei yrkesfagleg opplæring på normert tid.

Kunnskapsdepartementet har bede Utdanningsdirektoratet om å utvikle ein modell for overgang frå studieførebuande- til yrkesfagleg utdanningsprogram.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Høyringsfråsegna frå fylkesdirektøren er basert på *Høring – forslag om overgang fra Vg1 studiespesialisering til yrkesfaglege programområder på Vg2* sine punkt 5 og 6, *forslag til ordning og økonomiske og administrative konsekvensar*.

Fylkesdirektøren vurderer kvart punkt fortløpande.

#### **Punkt 5: Framlegg til ordning**

Modellen Utdanningsdirektoratet føreslår gjeld for studiespesialisering då det frigjer flest timar til elevar som skal tileigne seg yrkesfagleg kompetanse. Modellen føreset at eleven har fullført vg1 studiespesialisering, og at elevane får godkjent yrkesfagleg fordjuping (YFF) gjennom fellesfagstimane dei har hatt på vg1.

Elevar som har fullført vg1 studiespesialisering, har fylt kravet til fellesfag for vg2 på yrkesfag (norsk, matematikk, naturfag, engelsk og samfunnsfag) og får frigjort 196 årstimar på vg2 yrkesfagleg utdanningsprogram. Elevar som følgjer modellen har ikkje hatt opplæring i dei yrkesfaglege programfaga på vg1 (477 timar). Dette blir vege opp ved at elevane får eit opplæringstilbod på vg2 der dei mest relevante kompetansemåla frå yrkesfagleg programfag på vg1 vert henta opp. Til dette skal elevane nytte dei frigjorde fellesfagtimane (196 årstimar) på vg2. Elevane følgjer vg2-læreplanane i programfaga og gjennomfører yrkesfagleg fordjuping (YFF) i vg2, til liks med dei andre elevane.

I høyringa ber Utdanningsdirektoratet høyringsinstansane om å vurdere følgjande spørsmål til modellen:

*"Er dere enige i at ordningen skal gjelde for elever fra Vg1 studiespesialisering og ikke gjelde for elever fra de øvrige studieforberedende utdanningsprogrammene?"*

#### *Fylkesdirektøren si vurdering*

Fylkesdirektøren er samd med framlegget om at modellen bør avgrensast til vg1 studiespesialisering, då det vil frigjere flest timar til elevar som skal tileigne seg yrkesfagleg kompetanse.

*"Er dere enige i at ordningen organiseres som kryssløp i tilbudsstrukturen?"*

#### *Fylkesdirektøren si vurdering*

Fylkesdirektøren er samd i at ordninga kan organiserast som kryssløp og ikkje i eige løp. Utdanningsdirektoratet føreslår at dei frigjorde timane (196 årstimar) skal organiserast som eige fag og kallast "yrkesfagleg opphenting". I høyringa er det utarbeidd ein eigen fag- og timefordeling for elevar som går vg1 studiespesialisering, og vg2 i eit yrkesfagleg utdanningsprogram ([tabell 3 i høyringa](#)).

*"Er dere enige i fag- og timefordelingen for ordningen?"*

"Er dere enige i at det nye faget på 196 årstimer får navnet yrkesfaglig opphenting?"

*Fylkesdirektøren si vurdering*

Fylkesdirektøren ser ei utfordring i fag- og timefordelinga som ligg i framlegget og ser og at 196 årstimar til *yrkesfagleg opphenting* kan vere særst utfordrande. Val av relevante kompetansemål frå vg1 må vere svært målretta mot det yrkesfaglege programområde på vg2. Fylkesdirektøren meiner at namnet *yrkesfagleg opphenting* ikkje dekker godt nok innhaldet i det nye faget.

Utdanningsdirektoratet foreslår at det blir fastsett nasjonale rammesom har forskriftsstatus, til liks med faget yrkesfagleg fordjuping. Rammene har nasjonale krav for utvikling av lokal læreplan og avgjersler om sluttvurdering. Forslaget til dei nasjonale rammene ligg som lenkja vedlegg i [høyringa](#). Utdanningsdirektoratet meiner at desse rammene vil være tilstrekkeleg for å sikre kvaliteten på dei lokale tilboda til elevane.

"Er dere enig i at vi fastsetter en nasjonale rammesom har forskriftsstatus der elevane som har fullført Vg1 studiespesialisering kan søke direkte til alle de yrkesfaglege programområdene på Vg2, med den modellen vi har beskrevet i høyringa?"

*Fylkesdirektøren si vurdering*

Fylkesdirektøren er samd i at det må vere nasjonale rammesom har forskriftsstatus for faget *yrkesfagleg opphenting*, slik at det er i samsvar med det nasjonale læreplanverket.

**Punkt 6: Økonomiske og administrative konsekvensar.**

I høyringa er det peika på at framlegget kan innebere auka økonomiske og administrative kostnader for fylkeskommunane. Auka kostnader kan skuldast:

- varierende tal elevar som vel å gå frå studiespesialisering til eit yrkesfagleg utdanningsprogram.
- ekstra kostnader og meirarbeid ved at skulane, i samarbeid med lokalt arbeidsliv, skal utarbeide lokale læreplanar for dei aktuelle elevane.
- varierende organisering av opplæringa for elevar i faget *yrkesfagleg opphenting*.

*Fylkesdirektøren si vurdering*

Fylkesdirektøren meiner det er avgjerande at faget har ein struktur som gjer det mogleg for fylke med desentralisert og spreidd skule- og næringsstruktur, å nå føremålet med faget *yrkesfagleg opphenting*. Elevar som vel å gå frå studiespesialisering til eit yrkesfagleg utdanningsprogram skal ha eit likeverdig tilbod, uavhengig av kvar i landet dei bur.

Fylkesdirektøren føreset at dei økonomiske konsekvensane av endringane blir kompensert ved auka overføringar til fylkeskommunen, og at kostnadane til iverksetjing og gjennomføring av faget *yrkesfagleg opphenting* vert fullfinansiert av staten.

Til sist i høyringa ber Utdanningsdirektoratet høyringsinstansane om å gje ei generell vurdering av om modellen bør setjast i verk.

*Fylkesdirektøren si generelle vurdering til modellen*

Fylkesdirektøren ser at det vil kunne opplevast som positivt for elevar som ønskjer omval frå vg1 studiespesialisering til eit yrkesfagleg utdanningsprogram å kunne gjere dette utan å måtte gå eitt år til på vg1. Samstundes er fylkesdirektøren redd for at dette kjem med høge kostnader;

- a) Ved å lage ein modell som vesentleg reduserer timetalet på yrkesfag risikerer ein reduksjon av statusen til yrkesfaga. Ønskjer ein å presentere det som at det er «lettare» å ta opplæring i fag på yrkesfag enn på studiespesialisering?
- b) Modellen bryt med fleire viktige prinsipp for yrkesfagopplæringa. Dette gjeld særleg breiddeorientering på vg1 som karriererettleiing og fagleg fundament, og modning i faget over tid.
- c) Elevar som går frå vg1 studiespesialiserande og over til vg2 yrkesfag misser målretta yrkesretting i fellesfaga. Dette gir signal om at yrkesretting ikkje har den verdien som kunnskapsdepartementet tidlegare har fremja gjennom FYR-satsinga.

I tillegg til dette vil det i eit fylke som Sogn og Fjordane med mange små vidaregåande skular og eit spreitt arbeids- og næringsliv vere organisatorisk vanskeleg og ha store økonomiske kostnader å tilby modellen. Fylkesdirektøren ber Utdanningsdirektoratet om å vurdere om dette er rett bruk av ressursar.